



**Notat**

Dato: 13.02.2018  
Arkivsak: 2018/7593-2  
Saksbehandlar: torrtl

---

Til: Fylkesutvalet

Fylkestinget

---

Frå: Fylkesrådmannen

## **Spørsmål om seksuell trakassering i MU2018**

Fylkesrådmannen viser til interpellasjon frå representanten Alexander Fosse Andersen (Sp) under fylkestinget i desember 2017 knytt til seksuell trakassering.

Som fylkesrådmannen opplyste om i svaret til fylkestinget, gjennomførte Hordaland fylkeskommune i januar 2018 ei ny medarbeidarundersøking i organisasjonen. Det er tredje gang fylkeskommunen gjennomfører ei slik undersøking. Totalt tok 3.552 tilsette del i undersøkinga. Dette gjev ein svarprosent på 86.

I undersøkinga var det teke inn nye spørsmålsstillingar knytt til opplevd uønskt seksuell merksemrd og seksuell trakassering. 27 personar eller 0,8 prosent av respondentane ( $n = 3.482$ ) svarte at dei hadde opplevd slik uønskt seksuell merksemrd i løpet av den siste månaden. 24 personar eller 0,7 prosent av respondentane ( $n = 3.479$ ) svarte at dei hadde vore utsett for seksuell trakassering i jobbsamanheng dei siste 12 månadene. Dei fleste hendingane var innanfor opplæringssektoren, som er det området med flest tilsette. Det er hovudsakeleg kvinner som rapporterer om slik uønskt seksuell merksemrd/seksuell trakassering og dei fleste av tilfella er knytt til kollegaer.

Ei undersøking frå Statens arbeidsmiljøinstitutt (utgitt i september 2017), der arbeidsmiljøtilhøva i Noreg vert samanlikna med EU, viser at 3,1 prosent av norske arbeidstakrarar har opplevd uønskt seksuell merksemrd i løpet av den siste månaden, medan 1,5 prosent har vore utsett for seksuell trakassering i jobbsamanheng. Tala frå Hordaland fylkeskommune ligg dermed under det nasjonale gjennomsnittet.

Fylkesrådmannen tek på alvor at tilsette har opplevd uønskt seksuell merksemrd og seksuell trakassering i samband med arbeidet i Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen sitt overordna mål for arbeidet med helse, miljø og sikkerheit er at alle tilsette skal ha ein helsefremjande og meiningsfylt arbeidssituasjon, som gir full tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Det vert kontinuerleg arbeidd med ulike tiltak sentralt og lokalt for å sikre dette.

Gjennom det elektroniske systemet «Mitt varsel» som vart innført hausten 2017, kan alle tilsette søke råd og rettleiing hos varslingsutvalet til fylkeskommunen, om ønskjeleg også anonymt. Fylkesrådmannen har i tillegg sett i verk arbeid med å etablere ein alternativ varslingskanal for denne typen opplevingar. Dette vil vere eit supplement til dei ordinære varslingsvegane i organisasjonen samt ordningane knytt til vernetenesta, tillitsvalde og bedriftshelsetenesta.